

Møteinnkalling

Utval:	Planutvalet
Møtestad:	Videomøte / fjernmøte
Dato:	26.03.2020
Tid:	10:00/umiddelbart etter møtet i finansutvalet

Program:

Kl. 10.00/umiddelbart etter møtet i finansutvalet

- Saksbehandling

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Melding om forfall: alle medlemer vil få tilsendt ein e-post der det vert forklart korleis forfall kan registrerast.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Planutvalet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.



Jon Askeland
fylkesordførar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 2/20	Godkjenning av møteinkalling og sakliste		
GK 3/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i planutvalet den 30.01.2020	2019/130	
	Skriftlige spørsmål		
SI 1/20	Spørsmål frå Brosvik (KrF) - planstrategi statistikkinnsamling	2020/44856	
	Politiske saker		
PS 2/20	Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - strategiar og planbehov	2020/1420	
PS 3/20	Oppstart av arbeid med Regional Transportplan 2022 - 2033	2020/36671	

Godkjenningssaker

GK 2/20 Godkjenning av møteinkalling og sakliste

Saknr: 2019/130-7
Saksbehandlar: Merethe Jenny Helland
Nordnæs

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Planutvalet	3/20	26.03.2020

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i planutvalet den 30.01.2020

Møtebok frå møtet i planutvalet den 30.01.2020 er lagt ved saka.

Møteprotokoll

Utval:	Planutvalet
Møtestad:	Videomøte: Fylkesutvalsalen, 4. et., Fylkehuset Sandsli, Sandslihaugen 30, Bergen og møterom Uvla på Leikanger.
Dato:	30.01.2020
Tid:	11:30-14:25

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jon Askeland	Leiar	SP
Natalia Golis	Nestleiar	MDG
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Arve Helle	Medlem	A
Emil Gadolin	Medlem	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Svein K. Halleraker	Medlem	H
Noralv Distad	Medlem	H
Terje Søviknes	Medlem	FrP
Sigbjørn Framnes	Medlem	FrP
Trude Brosvik	Medlem	KrF
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB
Morten Klementsén	Medlem	FNB
Gunhild Berge Stang	Medlem	V
Marthe Hammer	Medlem	SV
Konsultativt, leiar for KULI Stian Davies	Medlem	A
Konsultativt, leiar for SAMO Jannicke Clarke	Medlem	A
Konsultativt leiar for NÆRNA Tor A. Ljosland	Medlem	KrF
Leikanger:		
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Konsultativt medlem leiar for OPPKO Karianne Torvanger	Medlem	A

Merknader

Aleksander Øren Heen deltok på møtet frå Leikanger. Møtet vart sett opp som eit videomøte.

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid K. H. Svendsen	Fylkesdirektør organisasjon og økonomi

Paal Fosdal
Håkon Rasmussen
Bjørn Lyngedal
Per Morten Ekerhovd
Dina Lefdal, deltok frå Leikanger
Synnøve Stalheim
Jone Engelsvold

Merethe Helland Nordnæs

Fylkesdirektør strategisk utvikling og digitalisering
Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport
Fylkesdirektør opplæring
Fylkesdirektør Kultur, idrett og inkludering.
Fylkesdirektør infrastruktur og veg.
Seksjonsleiar, planavdelinga
Seniorrådgjevar, regionalavdelinga

Seniorrådgjevar/møtesekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/20	Godkjenning av møteinkalling og sakliste		
	Politiske saker		
PS 1/20	Regional planstrategi 2020-2024 - Forslag til overordna mål	2020/1420	

Godkjenningssaker

GK 1/20 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i 30.01.2020 - planutvalet

Vedtak

Møteinnkallinga og saklista vart godkjent utan merknader.

Orientering:

Utviklingsplan for Vestland fylkeskommune, ved seksjonsleiar Synnøve Stalheim.

Politiske saker

PS 1/20 Regional planstrategi 2020-2024 - Forslag til overordna mål

Forslag til vedtak

1. Planutvalet sluttar seg til dei tre overordna måla for Regional planstrategi 2020-2024:
 - Mål 1 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
 - Mål 2 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv
 - Mål 3 Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping
2. Planutvalet meiner dei tilrådde strategiane er gode utgangspunkt for vidare prosess internt og eksternt.

Saksprotokoll i 30.01.2020 - planutvalet

Terje Søviknes , FrP, sette fram slikt alternativ forslag på vegner av FrP og Høyre:

«1.Planutvalet sluttar seg til dei tre overordna måla for Regional planstrategi 2020-24;

- Mål 1 Berekraftig konkurransekraft som premiss i samfunnsutviklinga
- Mål 2 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland
- Mål 3 Vestland som verdiskapingsfylke nr 1

2.Fylkesrådmannen får i oppdrag å omarbeida strategiane til desse hovudmåla.»

Anne Gine Hestetun, A, sette fram slikt forslag på vegne av samarbeidspartia A, SP, MDG, SV, Krf og V:

«Planutvalet legg til grunn at regional planstrategi og vektleggjing av dei ulike berekraftmåla skal bidra til å styrkja nærings- og folketalsutviklinga i fylket

1. Planutvalet sluttar seg til dei tre overordna måla for Regional planstrategi 2020-2024:
 - Mål 1 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
 - Mål 2 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland
 - Mål 3 Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping
 - Mål 4 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.
2. Planutvalet meiner dei tilrådde strategiane er gode utgangspunkt for vidare prosess internt og eksternt.
3. Fylkesrådmannen får i oppdrag å omarbeida strategiane til desse hovudmåla.»

Emil Gadolin, A, sette fram slikt forslag:

«Siste setning i første avsnitt på s. 7 i saksframlegget vert endra til:

Som særleg relevant kan vera ungdomens fylkesutval, frivillig sektor, **partane i arbeidslivet**, statlege organ og kommunane.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ingen røyster og falt.

Terje Søviknes sitt forslag fekk sju røyster (Frp, H og FNB) og falt.

Det vart punktvis avrøysting over forslaget til A, Sp, MDG, SV, V og KrF:

- Forslaget kva gjaldt innleiinga vart samrøystes vedteke.
- Forslaget sitt punkt 1 inkludert 4 delmål fekk ti røyster (A, SP, MDG, SV, V og KrF) og vart vedteke.
- Forslaget punkt to og tre fekk ti røyster (A, SP, MDG, SV, V og KrF) og vart vedteke.

Emil Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Planutvalet legg til grunn at regional planstrategi og vektleggjing av dei ulike berekraftmåla skal bidra til å styrkja nærings- og folketalsutviklinga i fylket

1. Planutvalet sluttar seg til dei tre overordna måla for Regional planstrategi 2020-2024:

Mål 1 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Mål 2 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland

Mål 3 Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping

Mål 4 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.

2. Planutvalet meiner dei tilrådde strategiane er gode utgangspunkt for vidare prosess internt og eksternt.

3. Fylkesrådmannen får i oppdrag å omarbeida strategiane til desse hovudmåla.

Siste setning i første avsnitt på s. 7 i saksframlegget vert endra til:

Som særleg relevant kan vera ungdomens fylkesutval, frivillig sektor, **partane i arbeidslivet**, statlege organ og kommunane.

Skriftlige spørsmål

SI 1/20 Spørsmål frå Brosvik (KrF) - planstrategi statestikkinnsamling

Fra: Trude Brosvik (Trude.Brosvik@vlfk.no)

Sendt: 18.03.2020 14:01:39

Til: Politisk

Kopi:

Emne: Spørsmål til neste møte i Planutvalet

Vedlegg:

Når eg les grunnlagsdokumenta for planstrategien (Statestikk og utviklingstrekk, folkehelseoversikt og utfordringar for fylket og regionane) slår det meg at det er relativt store skilnadar på dei to gamle fylka på fleire statestikkar/område.

Kan hende hadde likskapen vore større om Bergen hadde hatt eigen statestikk.

Spørsmålet mitt er om ein, både for å kunne måle tiltak og for å sette inn rette tiltak, bør halde fram med statestikk-innsamling som gjer det mogeleg å sjå dei to gamle fylka for seg? Dette må i så fall gjerast i eit samarbeid med forskingsinstitutt, helseforetak, fylkesmann og fleire.

Td har Sogn og Fjordane sine skuleresultat tidlegare vore eige forskingsprosjekt på, fordi det ikkje "stemmer" med nasjonale funn, og ein har lurt på kva som var grunnen.

Eg lurar på om dette har vore tema for vidare arbeid, og om det kan vere aktuell problemstilling å følgje opp for å sikre best mogeleg kunnskap framover.

mvh Trude Brosvik, KrF

Politiske saker

PS 2/20 Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - strategiar og planbehov

2020/1420-2

Saknr: Hans-Christian Engum,
Saksbehandlar Tina Kvammen Sinclair,
: Mari J. Aune, Alette H.
Kråkenes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Planutvalet	2/20	26.03.2020

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - strategiar og planbehov

Forslag til vedtak

1. Planutvalet sluttar seg til at følgjande strategiar inngår som ein del av Utviklingsplan for Vestland:

- 1.1. Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling
- 1.2. Vestland skal forvalte og sikre viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.
- 1.3. Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

- 2.1. Vestland skal utvikle menneskevennlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.
- 2.2. Vestland skal utvikle Bergen og attraktive regionale senter som grunnlag for vekst i heile fylket
- 2.3. Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

- 3.1. Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur og frivilligheita
- 3.2. Vestland skal utvikle eit meir aldersvennleg samfunn som grunnlag for verdiskaping
- 3.3. Vestland skal sikre deltaking gjennom utdanning og livslang læring

- 4.1. Vestland skal skape nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.
- 4.2. Vestland skal utvikle eit framtidretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.
- 4.3. Vestland skal styrke det regionale folkestyret

2. Planutvalet sluttar seg til planbehovet slik det er skildra i saka.

--- slutt på innstilling ---

Samandrag

Det vart i løpet av 2019 gjennomført prosessar i dei ulike avdelingane i regi av plankontaktar for arbeidet med Utviklingsplan for Vestland. I dette arbeidet blei det gjennomført ei evaluering av alle gjeldande planar. I etterkant av at planutvalet vedtok fire overordna mål for Utviklingsplan for Vestland, har vi gjennomført interne prosessar i administrasjonen for å fremje gode strategiar som kan inngå som ein del av planen, og som vil kunne bidra til å oppnå måla. Vidare har ein vurdert alle gjeldande planar opp i mot måla, og vurdert om det er behov for revisjon eller å fase ut planar. I tillegg er det vurdert behovet for nye planar.

Basert på desse interne prosessane legg no fylkesrådmannen fram forslag til strategiar og prioriterte planoppgåver for perioden 2020-2024.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Paal Fosdal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Bakgrunn for saka

Fylkesutvalet vedtok oppstart av prosessen med regional planstrategi 2020-2024 i møte 3. desember 2019 og fastsette viktige føringar for arbeidet. Vidare handsama planutvalet i sitt møte 30. januar 2020 forslag til overordna mål for Utviklingsplan for Vestland og fatta følgjande vedtak:

Planutvalet legg til grunn at regional planstrategi og vektlegging av dei ulike berekraftmåla skal bidra til å styrkja nærings- og folketalsutviklinga i fylket.

1. *Planutvalet sluttar seg til dei tre overordna måla for Regional planstrategi 2020-2024:*

Mål 1 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Mål 2 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland

Mål 3 Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping

Mål 4 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.

2. *Planutvalet meiner dei tilrådde strategiane er gode utgangspunkt for vidare prosess internt og eksternt.*

3. *Fylkesrådmannen får i oppdrag å omarbeida strategiane til desse hovudmåla.*

Vedtakskompetanse

I følgje Reglement for folkevalde organ og delegering skal planutvalet gje retningsgjevande og strategiske føringar til pågåande planprosessar.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Utviklingsplan for Vestland skal fastsette overordna mål og strategiar som også må leggest til grunn for framtidige budsjett og økonomiplanar.

Klima: Klimautfordringane er peikt på som ei sentral utfordring i kunnskapsgrunnlaget til regional planstrategi, og klimaomstilling er løfta i forslag til mål og strategiar i planen.

Folkehelse: I tråd med folkehelselova er det utarbeidd ei folkehelseoversikt som grunnlag for Utviklingsplanen. Utfordringar og moglegheiter som er skildra i oversikta, er lagt til grunn for mål og strategiar i utviklingsplanen og for vurderinga av behov for planar. Forslag til mål og strategiar i planen er relevante for å oppnå betra folkehelse i befolkninga.

Det er utarbeidd folkehelseoversikt i tråd med Folkehelselova. *Dei identifiserte utfordringane er lagt til grunn for ei vurdering og behov for planar.*

Regional planstrategi: Fylkestinget skal vedta ny regional planstrategi i løpet av første år etter fylkestingsvalet. Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 vil formelt vere ein regional planstrategi. I denne saka legg fylkesrådmannen fram forslag til strategiar og planbehov for perioden, basert på dei overordna måla som planutvalet vedtok i møtet 30. januar 2020.

Saksutgreiing

Fylkesrådmannen viser til at det i løpet av 2019 vart gjennomført prosessar i dei ulike avdelingane i regi av plankontaktar for arbeidet med Utviklingsplan for Vestland. I dette arbeidet blei det gjennomført ei evaluering av planane dei ulike avdelingane har ansvar for. Planutvalet vedtok overordna mål den 30. januar. Etter dette har avdelingane føreslått strategiar for å følgje opp måla, og gjort ei ny vurdering av planane og vurdert behov for nye eller reviderte planar.

Basert på innspela frå avdelingane vert det no lagt fram forslag til strategiar og prioriterte planoppgåver for perioden 2020-2024. Det er føreslått tre strategiar knytt til kvart mål, sjølv om fleire av strategiane vil kunne innverke på fleire mål.

Mål 1 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling



Strategiar:

- 1.1. Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling
- 1.2. Vestland skal forvalte og sikre viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.
- 1.3. Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

Eit premiss for samfunnsutvikling

Det grønne skiftet inneber at vekst og verdiskaping skjer innanfor forsvarlege rammar og sikrar viktige miljø- og naturverdiar. Samstundes gir klima og miljøomstilling mogelegheit for verdiskaping og innovasjon. Målet er at vi reduserer utslepp av klimagassar, og forvaltar naturmangfald og økosystem på ein berekraftig måte. Difor er klima- og miljømåla eit premiss, for samfunnsutviklinga. Summen av politikken vi utfører må bidra til å nå klima- og miljømåla nasjonalt og regionalt. Det er difor avgjerande at vi fattar vedtak basert på oppdatert kunnskap. Samstundes må det vere rom for skjønsmessige vurderingar og prioriteringar i enkeltsaker, der omsynet til klima- og miljø vert vurdert i heilskap mot andre interesser.

Lågutsleppssamfunnet

Klimagassutslepp i Vestland kjem mest frå industri, olje og gass, sjøfart og vegtransport. For å nå målet om lågutsleppssamfunnet innan 2050 er det nødvendig å jobbe for å redusere utslepp frå alle sektorar. Teknologi åleine vil vanskeleg kunne realisere eit lågutsleppssamfunn. Ein viktig faktor er å dekarbonisere energisystemet og auke bruken av fornybar energi, samstundes som ein har fokus på energieffektiv teknologi som grunnlag for verdiskaping og aktivitet. Kompakte og effektive utbyggingsstrukturar med samordning av tenester er ein del av omstillinga. Innanfor transport må vi auke bruken og delen av kollektive og miljøvenlege alternativ. Produksjon av varer må bli meir effektiv og basere seg på sirkulære materialstraumar. Nye forretningsmodellar kan generelt bidra til både auka effektivisering og reduksjon i energi- og materialbehov.

Klimatilpassing

I tillegg til å redusere utsleppa inneber klimaomstilling at vi må tilpasse samfunnet slik at det vert robust i møte med endringane som skjer. Vi vil få hyppigare ekstreme naturhendingar i form av styrtregn, flaum, ras og skred, som påverkar kritisk infrastruktur, næringsliv, natur- og kulturmiljø. I tillegg påverkar det tryggleiken og helsa i befolkninga. Dette gir nye utfordringar for planlegginga, og eit nytt risiko- og sårbarheitsbilete som påverkar samfunnsutviklinga og folk sitt kvardagsliv. Mange bygningar, eit anslag på 20 000, ligg i område med flaumfare. Særleg merkbart i dag er utfordringar knytt til auken i skredhendingar på veg og jernbane. Vestland skal, med tilgjengelege verkemiddel, sikre innbyggjarane sin tryggleik og livskvalitet i høve skred, flaum og andre naturkatastrofar.

Balansert og planstyrt areal- og ressursforvaltning

Langsiktig og balansert forvaltning av natur-, kulturmiljø og landskap er viktig for å bygge ein attraktiv, konkurransedyktig og berekraftig region. Dette inneber ansvarleg forvaltning og sikring av arts- og naturmangfald, kulturminne og kulturmiljø, naturressursar, matjord, og viktige landskap og friluftsområde. For å få dette til er det behov for kunnskap om, og kartlegging av arealverdiar i Vestland. Det er også behov for gode metodiske verktøy for å vurdere og synleggjere samla konsekvensar av ulike tiltak, både for klima og arealverdiar. Ei heilskapleg planlegging er det viktigaste verktøyet for dette. Digitalisering opnar for betre samordning gjennom god tilgang til kunnskapsbasar.

Det offentlege som ansvarleg innkjøpar

Det offentlege er ansvarleg for ein god del av det totale klimafotavtrykket gjennom sin innkjøpspraksis. Offentlege innkjøp er difor eit viktig verkemiddel for å redusere miljøbelastning og klimautslepp. Vi skal gå føre og mobilisere til at det offentlege i Vestland skal legge stor vekt på omsyn til klima og miljø gjennom sine innkjøp. Gjennom å etterspørje og vektlegge klima og

miljøvennlege løysingar kan det offentlege stimulere til innovasjon, teknologisk utvikling og grøn omstilling i næringslivet.

Mål 2 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv



Strategiar:

- 2.1. Vestland skal utvikle menneskevennlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.
- 2.2. Vestland skal utvikle Bergen og attraktive regionale senter som grunnlag for vekst i heile fylket
- 2.3. Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

Gode og levande lokalsamfunn

Lokalsamfunna er berebjelkane i ei berekraftig samfunnsutvikling. Byar, tettstader og grender er ramma for innbyggjarane og næringsdrivande sin kvardag. Korleis vi formar omgjevnadene våre har mykje å seie for trivsel, tryggleik, busetting, verdiskaping og klima og miljø.

Naturgjevne kvalitetar, kulturminne og lokal identitet dannar grunnlag for lokalsamfunnsutviklinga. Klimaomstilling byr på moglegheiter til å styrke grønstruktur, biologisk mangfald og vatn som opplevingsressursar i nærmiljø og sentrumsområde. Inkluderande og estetiske offentlege rom er viktig for å skape kvalitetsopplevingar og dyrke sosiale fellesskap.

I Vestland skal vi utvikle varierte bustadtilbod med god kvalitet tilpassa behovet og i alle prisklasser. Vi skal satse på gode skuleveggar, barnehagar og skuleplassar som ei investering i god oppvekst. Vi skal ha funksjonelle og attraktive kollektivhaldeplassar som gjer det lett og trygt å reise kollektivt. Vi skal satse på blågrøne kvalitetar og god tilgang til nærfriluftsliv.

Utbyggingsmønster og senterstruktur

Vestland fylke har ujamn folketalsutvikling og det skjer ei sentralisering. I nokre kommunar er det stor vekst i befolkning, bustader, arbeidsplassar, tenester og tilbod. Dette gjer moglegheiter for verdiskaping og klimaomstilling, men og utfordringar knytt til å halde tritt med å utvikle infrastruktur og sikre kvalitet i bygde omgjevnader. I nokre kommunar er det folketalsnedgang og skeiv aldersfordeling. Her er utfordringa å sørge for rekruttering, arbeidsplassar og jamgode tilbod og tenester. Regional planlegging skal sikre eit utbyggingsmønster som utjamnar ulikskap og støtter opp under ei god samfunnsutvikling i heile fylket.

Det er ønskeleg å tilby service, handel og tenester nærast mogeleg innbyggjarane, både ut frå eit velferdssynspunkt og eit transportperspektiv. Samstundes skal det lokale tilbodet ha kvalitet og vere effektivt. Ein senterstruktur med fylkessenter, regionsentre og lokalsentre som strategi for vekst gir grunnlag for ein god balanse mellom nærleik, kvalitet og effektivitet. Samlokalisering av ulike tenester er brukarvenleg og gir fagleg støtte til tenesteytarane. Ein sterk Bergensregion og eit nettverkav regionsenter som drivkraft og knutepunkt i sitt omland er eitt ledd i å finne denne balansen.

Sterke og attraktive regionale senter er motorar i sine bustads-, arbeids-, og serviceregionar. Dei stimulerer til verdiskaping og konkurransekraft, har spesialiserte tenester som supplerer det lokale tilbodet i tettstader og grender, og gjer det mogleg å arbeide og bu i alle deler av fylket.

Bergen som drivkraft

Bergen skal vere Vestlandet sin hovudstad og ein drivkraft for utviklinga i heile landsdelen. Bergensregionen skal vere ein attraktiv stad å bu, skal tilby kunnskap, kunst og kultur til heile regionen og legge til rette for nytt og eksisterande næringsliv.

Samordna areal- og transportplanlegging i Bergensområdet, med nullvekst i personbiltransporten, fleire reiser med sykkel og gange, eit balansert utbyggingsmønster og eit kapasitetssterkt kollektivnettverk er sentralt for å nå dette målet. Gjennom oppfølging av Regional areal- og transportplan for Bergensområdet og byvekstavtalen vil ein kunne bidra til ein heilskapleg utvikling av området der areal- og transportutviklinga vert sett i samanheng.

Trygg og miljøvenleg mobilitet

God mobilitet sikrar innbyggerane tilgang til arbeid, tenester og fritidsaktivitetar. I Vestland skal vi ha infrastruktur som gjer det mogeleg å tilby trygg og miljøvenleg mobilitet for alle.

Det samla kollektivtilbodet i Vestland skal sikre eit rimeleg nivå av mobilitet gjennom gode korrespondansar og omstigningsmoglegheiter. Vi har store variasjonar i kundegrunnlag og bruk i dei ulike delane av fylket, og det er behov for stor grad av stadtilpassing i val av løysingar. I byane er det viktig å sikre god nok kapasitet i kollektivnettet. I distrikta kan innovasjon og digitale løysingar bidra til utvikling av saumlause reiser.

Trafikksikkerheit og nullvisjonen skal leggest til grunn i samferdselsplanlegginga. Dette er ein visjon om at det ikkje skal skje ulykker med drepne eller hardt skadde i trafikken i Vestland.

Det er eit stort forfall og etterslep på vedlikehald på fylkesvegnettet. Dette har ein negativ påverknad både på trafiktryggleiken og framkomsten på fylkesvegnettet. Kombinert med auka risiko for flaum og rasfare gir dette eit stort behov for auka innsats for å ta vare på det eksisterande vegnettet.

Gode regionale samband er viktig for å sikre innbyggerane god mobilitet på tvers av fylket, til andre deler av landet, og til viktige knutepunkt utanfor fylket.

Digital infrastruktur, kvalitet og innovasjon i tenestetilbodet

Fleire eldre og færre yngre gir utfordringar for Vestland. I kommunar som ligg mindre sentralt, og har låg folketals-, og næringsvekst kan befolkninga oppleve avstandsulempar i tenestetilbodet og næringsliv. Vestland skal motverke dette gjennom nyskaping og innovasjon. Utvikling av ny digital teknologi og infrastruktur er ein del av løysinga for å fremje kvalitet og nærleik til brukar og bygge ned barrierar for næringsutvikling. Digital infrastruktur er viktig for å redusere avstandsulempene for innbyggjarar og næringar i eit spreidd- bygd fylke som Vestland.

Mål 3 Like moglegheiter til å delta i verdiskaping



Strategiar

- 3.1. Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur og frivilligheita
- 3.2. Vestland skal utvikle eit meir aldersvennleg samfunn som grunnlag for verdiskaping
- 3.3. Vestland skal sikre deltaking gjennom utdanning og livslang læring

Opne og inkluderande arenaer

Høg sysselsettingsgrad er viktig for å redusere sosial ulikskap, og inngangen til arbeidslivet vert ofte sikra gjennom deltaking på andre arenaer. Vi veit at utanforskap og einsemd gjev tapt livskvalitet, auka risiko for fysisk og psykisk sjukdom og tidleg død. Høg kvalitet og låge tersklar for å bli med- særskilt i oppveksten - fremjar sunne og aktive liv og robuste innbyggjarar som kan bidra i utvikling av lokalsamfunna. Mobilisering av ungdom i lokaldemokrati, og ein samfunnsutvikling som tek ungdomskultur og unge sine behov, helse og livskvalitet på alvor, vil kunne bidra til å demme opp for fråflytting.

God og trygg sosial infrastruktur er sjølvstakt viktig, men kultur,- og frivilligheita skapar også gode rammer og arenaer for deltaking. Vi har sterk tradisjon for breie og inkluderande aktivitetstilbod i samspel mellom det offentlege, frivilligheita og profesjonelle kulturaktørar. Denne kulturen skal vi

ta vare på som grunnlag for integrering og involvering. For sårbare grupper er fritidsarenaene ekstra viktige, og kan vere inngangen til anna samfunns- og arbeidsliv. Gode grunnstrukturar og arenaer for brei deltaking i samfunnsliv og frivilligheit kan difor bidra til å utjamne sosial og økonomisk ulikskap.

Ingen skal utelatast

Eit hovudprinsipp i berekraftmåla er at ingen skal utelatast. Fylkeskommunane har fått nye oppgåver på integrerings-, og inkluderingsfeltet. Gjennom eit spesielt fokus på sårbarheit, livsomstillingar og utanforskap skal Vestland sikre at alle innbyggjarane har moglegheit til å ta del i samfunnslivet. Inkludering bør vere eit gjennomgåande perspektiv i all regional og kommunal verksemd.

Berekraftig utvikling gjennom eit aldersvennleg samfunn

At folk lever lenge og held seg friske er ein stor ressurs for samfunnet. For å ta i bruk dei moglegheitene dette gir må vi organisere oss på ein måte som fremjar aktiv og sunn aldring. Dette handlar både om livskvaliteten til enkeltmennesket og ein berekraftig velferdsmodell. Dei eldre vil framover ha høgare utdanning, betre økonomi, betre helse og vere meir endringskompetente enn i dag. Samfunnsdeltaking handlar ikkje om alder i seg sjølv men om korleis samfunnet legg til rette for å auke funksjonsdugleiken og meistringsevna hos den einskilde og tek i bruk restevna. Dette handlar om å byggje ned fordommar og diskriminering i arbeids-, og samfunnsliv, og styrke deltakinga på alle arenaer.

Eigenverdien i kunst,- og kulturliv

Kunst og kultur kan hjelpe oss til å forstå- og utfordre- oss sjølve og samfunnet vi lev i. Det bidreg til å forsterke identitet og samhald, men og til å utvide fellesskapet gjennom å inkludere nye impulsar og skape større mangfald. Kunst og kultur har ein eigenverdi og er ein viktig utviklingsfaktor for enkeltmenneske, grupper og samfunnet som heilskap. Vestland har tradisjon for eit rikt og desentralisert kulturliv, med eit mangfald av tilbod til folk i deira nærmiljø. Dette bør vi byggje vidare på, som ressurs for skaping, oppleving og innovasjon. Vestland skal vere pådrivar for eit sterkt og uavhengig regionalt kunst,- og kulturliv med nasjonale og internasjonale kvalitetar.

Samarbeid om livslang læring

Kompetanse og kunnskap er ein nøkkelfaktor for utvikling, både for den einskilde og for samfunnet. Et breitt og inkluderande opplæringstilbod med livslang læring, styrker deltakinga i samfunnsliv og arbeidsliv. Livslang læring handlar om moglegheitene for kompetanseutvikling i alle livsfasar, og bidreg til å styrke enkeltmenneske og samfunnet si omstillingskapasitet. For å få til dette trengs det tett og godt samspel og samarbeid mellom ulike nivå i opplærings-, og utdanningssystemet og næringslivet.

Relevant opplæring basert på lokale fortrinn

Opplæringstilbodet skal vere tilpassa behovet i lokalt arbeidsliv, og bidra til å løyse lokale og globale utfordringar med utgangspunkt i regionale fortrinn. Dette kan stimulere barn og unge, arbeidsføre, potensielle innflyttarar og ei aldrande befolkning til å satse lokalt og ta ein rolle som samfunnsentreprenørar. Utdanningsløpa skal stimulere til gründerkultur frå barneskule til universitet.

Mål 4 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg



Strategiar

- 4.1. Vestland skal skape nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.
- 4.2. Vestland skal utvikle eit framtidretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.
- 4.3. Vestland skal styrke det regionale folkestyret

Grøn konkurransekraft og entreprenørskap

I Vestland skal vi nytte våre naturgjevne føresetnader og sterke teknologi- og kompetansemiljø til å vidareutvikle eit variert næringsliv med fleire arbeidsplassar og auka fleksibilitet. Vi skal byggje vidare på kompetanse, næringsliv og ressursar i regionen for å utvikle nye næringar. Fylkeskommunen som regional samfunnsutviklar skal bidra til å mobilisere privat sektor, lokalsamfunn og kulturliv, og samordne offentleg innsats og verkemiddelbruk.

Vestland har stort potensiale for utvikling av effektiv produksjon og forsyning av grøn, fornybar energi. Dette kan auke berekrafta i energitenestene til innbyggjarar, transport og næringsliv og kan nyttast til større industrielle satsingar. Vestland kan spele ei viktig rolle med å betre tilgang til forskning og teknologi for rein energi internasjonalt. Grøn konkurransekraft kan og vere knytt til bruk av stadeigne ressursar innan landbruk. Kortreist matproduksjon bidreg til å sikre matjord for framtida, tek i vare kulturlandskapet og gir sysselsetting i delar av fylket der det er behov for auka tilflytting. Aktivt skogbruk som bidreg til binding av klimagassar og gir tilgang til klimavennleg byggemateriale kan skape nye arbeidsplassar, særleg utanfor urbane område. Vestlandslandskapet gjev regionale fortrinn innanfor turisme og reiseliv, med hovudvekt på naturbaserte opplevingar. Turismen må bidra til langsiktig forvaltning av natur,- og kulturverdiar og bidra til ein berekraftig reiselivsnæring.

På vegen mot lågutsleppssamfunnet skal det vera merksemd på verdiskaping, innovasjon og utvikling av kompetansemiljø som gjer at Vestland er først ute med å skape ny grøn teknologi. Sirkulærøkonomi og bioøkonomi er viktig for utvikling av grøn konkurransekraft. Sirkulærøkonomien handlar om å utvikle verdikjeder der råstoffutvinning, produksjon og gjenbruk heng saman i ein syklus der ingenting går til spille. I bioøkonomien legg ein til grunn at ressursar frå ein prosess vert nytta som innsatsfaktorar i ein ny, med mål om full ressursutnytting av råvarer og restråstoff. Betre ressursutnytting og energieffektivisering bidreg til betydelege utleppsreduksjonar, samstundes som det aukar lønnsmda i produksjonen.

Forskning og innovasjon

Samarbeid mellom utdanning og arbeidsliv er avgjerande, og Vestland skal systematisk avdekke kompetansegap, og sikre næringslivet sine behov for kompetanse. Ved å styrke grunnlaget for forskning vil ein legge grunnlaget for utvikling av kompetansesarbeidsplassar i heile fylket. Samarbeid mellom offentleg sektor og forskingsmiljøa kan bidra til å auke kompetansen i offentleg sektor for å handtere nye og større oppgåver.

Vestlandet som leiande kulturregion

Kulturnæringa er ein viktig regional verdiskapar. Vestland bør ha ein ambisjon om å vere ein leiande kulturregion nasjonalt og internasjonalt. Fleire kulturaktørar i Vestland har eit internasjonalt verkefelt. Vestland har kunst, kulturinstitusjonar, prosjekt og arrangement som markerer seg i europeisk samanheng. Ein tydeleg kulturell profil kan bidra til å bygge kulturregionen i skjæringspunktet mellom fylkeskommunen, stat, kommune og frivilligheit. Profesjonelt kulturliv bør vere sterkt og fremja nyskaping og yrtringsfridom. Utviklinga bør legge vekt på lokale fortrinn og fremje brei verdiskaping som grunnlag for å skape større mangfald i arbeidslivet og fleire arbeidsplassar. Samspelet mellom kulturnæringa, kulturarven, reiselivet og kjernekompetansen i vårt sterke teknologimiljø har eit stort utviklingspotensiale som kan gje smart lokal nyskaping og

vekstkraft. Utviklinga innan digital teknologi opnar kulturfeltet for innovasjon i forhold til uttrykk, kulturarv og formidling.

Styrke regionen

For å oppfylle regionreforma bør staten overføre fleire oppgåver og ressursar til det regionalt folkevalde nivå. Større breidde og kompetanse i ansvar og oppgåver vil gi betre tenester nærare brukarane, og vil styrke forvaltninga og utviklinga av regionale ressursar. Fylkeskommunen skal samordne og koordinere offentleg innsats og mobilisere til god samhandling på tvers av sektorar og forvaltningsnivå gjennom gode partnerskap og samarbeid. Innsatsen skal tilpassast behova i ulike delar av fylket. Fylkeskommunen skal mobilisere kommunar, verksemdar og forskingsmiljø til å delta i internasjonalt samarbeid, for å forstå og utvikle regionen sin plass i verda. Utviklingsplanen sine mål skal bli lagt til grunn for alle regionale planar skal bidra til å samordne innsatsen i regionen..

Vurdering av planbehov

I samband med oppstart av arbeidet med kunnskapsgrunnlag for ny felles planstrategi blei det gjort ei vurdering av om ein skulle justere oppstart av arbeid med nokre planar. Følgjande planar blei utsett til nytt fylkesting var konstituert:

Hordaland

- ✓ Regional plan for næringsutvikling
- ✓ Regional klima- og energiplan
- ✓ Regional plan for areal-, natur- og kulturminneressursar
- ✓ Regional plan for kraftutbygging

Sogn og Fjordane

- ✓ Regional plan for folkehelse
- ✓ Regional plan for arealbruk

Desse planane er no tatt med i ei samla vurdering av planbehov. Basert på innspel frå avdelingane har fylkesrådmannen gjort ei vurdering av planbehov sett opp mot kapasitet til gjennomføring og utarbeiding.

Regionale planar

Regionale planar kan utarbeidast for viktige tema for regional utvikling som vedkjem fleire forvaltningsnivå og som hovudregel fleire sektorar. Regionale planar er heimla i Plan- og bygningslova § 8-1 til 8-5 og skal utarbeidast slik det er fastsett i Regional planstrategi. Regionale planar skal ha eit handlingsprogram.

Temaplanar

Temaplanar er heimla i kommunelov eller sektorlov/-føresegn og skal utarbeidast i samsvar med Regional planstrategi eller regional plan innafor tema. Temaplanar kan utarbeidast for viktige felt der fylkeskommunen som tenesteproducent eller samfunnsutviklar har stor påverknad ut mot samfunnet. Dei inneheld oftast ein tiltaksdel.

Strategi

Ein strategiprosess er enklare, meir overordna og skal peike ut vegval, satsingsområde og eventuelt mål. Det vert normalt ikkje utvikla tiltak knytt til ein strategi

Med

utgangspunkt i tre plantypar er det gjennomført ei vurdering av planbehova for valperioden 2020-2024. For å ha ei eins tilnærming i evalueringa vart det sett opp nokre kriterium for korleis ein skulle vurdere behov for vidareføring, revisjon og utfasing, eventuelt behov for nye planar. Kriteria som er nytta var følgjande:

Vidareføring

Ein plan kan vidareførast dersom

- ✓ Planen bygger opp under dei overordna måla for Vestland.
- ✓ Det ikkje er målkonfliktar med tematisk like planar på tvers av gamle fylkesgrenser
- ✓ For vidareførte planar bør ein vurdere å revidere/utarbeide handlingsprogram som er tydelege, spesifikke og realistiske i gjennomføring

Revisjon/Nye planar

Ein plan bør bli revidert dersom:

- ✓ Planen er sentral for å nå overordna mål samstundes som det er:
 - målkonfliktar med andre planar
 - planen ikkje har tydelege og målbare mål
 - behov for å samkøyre planar på tvers av gamle fylkesgrenser
 - det er behov for oppdatering av kunnskap
- ✓ For tema der fylkeskommunen i kraft av vesentleg tenesteproduksjon og utviklingsrolle har stor påverknad på samfunnsutvikling bør ein vurdere å utarbeide planar.

Fase ut

Ein plan bør fasast ut dersom:

- ✓ Planen ikkje er i tråd med, eller ikkje relevant for å nå overordna mål for Vestland, eller for å utføre Vestland fylke si tenesteproduksjon.

Regional plan for kompetanse

Fylkeskommunen har ansvar for den regionale kompetansepolitikken med mål om å sikre tilgang på kompetent, kvalifisert og relevant arbeidskraft. Dette involverer fleire politikkområde. Vi rår over viktige verkemiddel gjennom ansvaret for vidaregåande opplæring, og ikkje minst som stor tilbydar av høgare yrkesfagleg opplæring (fagskuleutdanning). Ein regional plan for kompetanse vil vere eit viktig verktøy for å mobilisere nøkkelaktørar og gi felles retning for arbeid med regional kompetanseutvikling. Det vil og bidra til å sikre at fylkeskommunen må sjå eigne ansvarsområde og verkemiddel i samanheng.

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling

Fylkesrådmannen ser særleg behov for å revidere regionale planar for tema der fylkeskommunen i kraft av vesentleg tenesteproduksjon og utviklingsrolle har stor påverknad på næringsutvikling og innovasjon. For å legge til rette for og stimulere til entreprenørskap, forskning og innovasjon og det grønne skiftet i næringslivet, er det nødvendig med ei oppdatert og felles regional næringspolitikk. Fylkesrådmannen rår difor til at det vert utarbeidd ein ny regional plan for dette fagområdet.

Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv

Regional plan for kultur i Hordaland og Sogn og Fjordane bør reviderast for å svare betre på dei overordna måla i Utviklingsplanen for Vestland. Nye oppgåver frå staten legitimerer og ein revisjon der dei to planane vert avløyst av ein ny plan. Alle oppgåvene føreset at fylkeskommunen er regional utviklar og aktør i partnerskap med andre aktørar i regionen. Dei nye oppgåvene er innan friluftsliv, kulturarv og integrering. Etter fylkesrådmannen si vurdering bør integrering og inkludering vere eit gjennomgåande perspektiv i all regional og kommunal verksemd.

Regional plan for senterstruktur

Etter fylkesrådmannen si vurdering vil ein ny regional plan for senterstruktur for Vestland vere eit godt strategisk verktøy for å vurdere korleis ein best legg til rette ein balansert vekst i heile fylket. I dette bør det ligge felles føringar for lokalisering av tenester, service og handel. Gjennom å definere ein overordna senterstruktur kan ein få styrka attraktive regionsenter og stimulere til verdiskaping, konkurransekraft, sterke bu- og arbeidsmarknader, utjamne levekår, og gjere det mogleg å leve gode liv i heile fylket. Ei tenleg arbeidsdeling mellom senter med ulikstorleik og funksjon vil bidra til ei berekraftig og konkurransedyktig utvikling i heile fylket, og sikre befolkninga god tilgang på service og tenester. Regional plan for attraktive senter og Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur vert tilrådd vidareført inntil ny plan er utarbeidd.

Regional transportplan

I tråd med vedtak i fylkesutvalet 3.12.2019 rår fylkesrådmannen til at ein utarbeider ein regional transportplan som eit strategisk styringsdokument for heile samferdslesektoren i Vestland. Fylkesrådmannen rår til at ein i denne prosessen innarbeider ulike delplanar og strategiar som ein del av den regionale planen. Dette gjeld til dømes kollektivstrategi og vedlikehaldsstrategi for fylkesvegnettet. I tillegg bør *Rammeplan for avkøyrsløp* bli innarbeidd som ein del av Regional transportplan. Fylkesrådmannen rår vidare til at det vert utarbeidd eitt felles handlingsprogram der investeringsprogrammet vert ein integrert del av dette.

Regional klimaplan

Både nasjonale og regionalpolitiske mål har blitt meir ambisiøse dei seinare åra, og det er difor behov for å revidere klimaplanane, og få utarbeidd ein felles klimaplan. På kort sikt kan det vere behov for å utarbeide eit felles handlingsprogram. Ein oppdatert klimaplan vil etter fylkesrådmannen si vurdering vere vesentleg for å nå målsettingane i Utviklingsplanen.

Regionale planar for kystsona

Dei kystnære sjøområda er viktige for mange og til dels med motstridande interesser. Det gjeld næringsverksemd, havbruk, transport, førebyggings- og beredskapstiltak, forsvar, rekreasjon, friluftsliv, naturmiljø, landskap og kulturminne. Bruken av sjøareala har auka, og det er behov for betre arealplanar med eit regionalt og interkommunalt perspektiv. Fylkesmannen har mellom anna i regionalt planforum peika på behov for regionale planar for sjø- og kystområda. Fylkesrådmannen vil peike på at ein i Hordaland gjennomførte ein prosess med Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, og dette skulle vere ein pilot for å hauste erfaringar i bruk av ein regional plan med retningsliner for arealbruk og arealkart. Planen vart vedteken av Fylkestinget i Hordaland i 2017, men ligg i departementet til avklaring etter at fleire kommunar hadde vesentlege innvendingar. Etter fylkesrådmannen si vurdering bør ein vente med vidare planarbeid før ein har hausta erfaringar med gjennomføring av denne planen. Vidare er det kommunar som vurderer å starte interkommunale planarbeid som ein også kan hauste erfaringar frå før ein avgjer korleis resten av fylket skal handterast. Fylkesrådmannen rår til at denne planen vert vidareført og at ein går i dialog med departementet for å få stadfesta planen. Fylkesrådmannen viser vidare til at strategisk plan for kysten i gamle Sogn- og Fjordane er vedteken for kort tid sidan, og rår til at denne vert vidareført.

Regionale planar for geografisk avgrensa område

Det er fleire planar som gjeld for geografisk avgrensa område. Fylkesrådmannen meiner at fylkessamanslåinga ikkje påverkar desse i vesentleg grad, og at det ikkje er vesentlege moment som tilseier at dei bør reviderast. Felles for dei alle er at dei er gode og viktige planar for å nå måla i Utviklingsplanen. Fylkesrådmannen rår difor til at alle desse vert vidareført. Dette gjeld:

- Regional areal- og transportplan for Bergensområdet
- Regionale plan for areal- og transport på Haugalandet
- Regional plan for Nordfjella 2014-2025
- Regional plan for Hardangervidda 2011-2025
- Regional plan for Setesdal, Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen)
- Regional plan for Ottadalsområdet 2016-2026

Regional plan for folkehelse

Begge dei gamle fylka har folkehelseplanar, men etter fylkesrådmannen si vurdering var kunnskapsgrunnlaget svakt i utarbeidinga av desse planane. Vi har meir detaljert kunnskap no, og utfordringsbiletet har endra seg sidan planane vart utvikla.

Erfaringane så langt er at regional plan for folkehelse bidreg til å løfte den sosiale dimensjonen og folkehelseperspektivet i samfunnsutviklinga. Planane har like tema, men noko ulik innretning. Folkehelsearbeidet treng difor betre strategiske verktøy for korleis ulike fagavdelingar i fylkeskommunen skal forstå sitt folkehelseansvar, og det er behov for større vekt på samarbeid og samhandling i fylket, framfor å legge ansvar på andre sektorar. Planane tek ikkje godt nok i vare dette. Fylkesrådmannen ser at ideelt sett skulle det vore utarbeidd ein ny plan for folkehelseområdet, men at det kan bli utfordrande av kapasitetsårsaker. Då folkehelseplanane i alt er ganske samstemte i mål og innhald rår fylkesrådmannen til at ein fokuserer på å rullere eit handlingsprogram som kan vere meir strategisk innretta, i tillegg til at ein aktivt arbeider inn folkehelse som ein del av andre planprosessar som no vert starta. Så får ein vurdere om ein skal revidere planane i neste planstrategi.

Regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar

Det er trong for å utvikle ein føreseieleg og samstemt politikk når det gjeld arealforvaltning i form av ein regional plan. Dette vil kunne sikre viktige verdiar gjennom ei langsiktig og målretta forvaltning. Det er eit behov for arealstrategiar og retningsliner for å bevare eit rikt naturmangfald, landskap og kulturmiljø i Vestland fylke. Ein slik plan har vore løfta i regional planstrategi for Hordaland i førre periode, og i Sogn- og Fjordane var det og peika på ei regional plan for arealbruk. Ingen av dei gamle fylka hadde kapasitet til å utarbeide slike planar. Kulturavdelinga har no løfta fram behovet på ny og viser til at det er behov for arealpolitiske retningsliner som styrings- og planverktøy, noko som fylket i dag manglar. Ein slik plan vil vere aktuell for tidlegare og nye oppgaver innan både friluftsliv og kulturarv.

Fylkeskommunen skal innan desse område både utøve formelt mynde etter lov og forskrift, og vere regional utviklar og aktør i partnerskap med andre aktørar i regionen. Etter fylkesrådmannen sitt syn bør ein slik plan inkludere også arealverdiar og interesser der fylkeskommunen ikkje har myndigheit, for å få ei heilskapleg ramme omkring arealbruken.

Fylkesrådmannen ser samstundes at fylkeskommunen vil få utfordringar med kapasitet i komande periode, og rår til at ein nyttar perioden 2020-2024 til å innhente og oppdatere kunnskap som grunnlag for ei framtidig regional plan på dette området, som ein då bør vurdere på nytt i neste regionale planstrategi.

Regionale planar for kraftutbygging

Det er tre gjeldande planar innanfor kraftfeltet, to planar for små vasskraftverk med retningslinjer for sakshandsaming, og ein *Regional plan for vindkraft* gjeldande i Sogn- og Fjordane.

Fylkesrådmannen ser at planane for små vasskraftverk har behov for revisjon, særleg med tanke på å oppdatere datagrunnlaget. Det er tenleg at dette skjer i samanheng med ein regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar. Samtidig meiner fylkesrådmannen at retningslinjene i planane fungerer godt og rår til at planane likevel vert vidareført i denne perioden, og at dei vert vurdert revidert i neste periode. Fylkesrådmannen rår vidare til at ein ny Klimaplan skal ha ein overordna og strategisk tilnærming til energi- og kraftfeltet der ein konkretiserer ambisjonar og overordna politikk på området.

Fylkesrådmannen rår også til at Regional plan for vindkraft som gjeld i Sogn- og Fjordane vert vidareført inntil vidare, og retningslinjer for handsaming vert vidareført i heile perioden. Når det kjem til mål om ambisjonsnivå og utbygging må dette bli vurdert på nytt i arbeidet med klimaplan for Vestland. Når denne blir vedteken vil den erstatte deler av dei ulike kraftplanane. Dette må bli gjort tydeleg i plandokument og vedtak.

Regional plan for byggeråstoff og massehandtering

Det er meldt inn eit behov for ein regional plan for byggeråstoff og massehandtering. Etter fylkesrådmannen si vurdering omhandlar dette to tema. Den eine vinklinga er mot mineralførekomstar og korleis ein kan sikre og nytte dei som grunnlag for verdiskaping og næringsutvikling i fylket. Den andre dimensjonen er knytt til masseoverskotet frå utbygging av infrastrukturtiltak og korleis ein kan få nytta slike massar til samfunnsnyttige føremål. Samla sett er dette viktige føresetnader for ein sirkulær økonomi. Etter fylkesrådmannen si vurdering er det tenleg at desse tema vert innarbeidd som ein del av andre planar og rår til at Regional plan for næringsutvikling og verdiskaping har ei strategisk tilnærming til mineralførekomstar og definere ei overordna politikk for korleis ein kan utnytte slike førekomstar til berekraftig næringsutvikling. Når det gjeld masseoverskot kjem dette primært frå større samferdselsutbyggingar, og det er hensiktsmessig at dette vert ein del av Regional transportplan med fokus på å utarbeide prinsipp og strategiar for korleis ein kan utnytte slike massar på ein samfunnstenleg måte.

Etter ei heilskapleg vurdering rår fylkesrådmannen til at det vert arbeidd med og vidareført følgjande regionale planar i perioden:

Regional plan	Ansvar	Ny	Revisjon	Vidareføring	Fase ut
Regional plan for kompetanse			X		
Regional plan for innovasjon og næringsutvikling			X		
Regional plan for kultur			X		
Regional plan for senterstruktur			X		
Regional transportplan			X		
Regional klimaplan			X		
Kystsonenplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger				X	
Strategisk plan for kysten				X	
Regional plan for vassforvaltning Vestland			X		
Regional plan for folkehelse				X	
Regional areal- og transportplan for Bergensområdet				X	
Regional plan for areal- og transport på Haugalandet				X	
Regional plan for Nordfjella 2014-2025				X	

Regional plan for Hardangervidda 2011-2025				X	
Regional plan for Setesdal, Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen)				X	
Regional plan for Ottadalsområdet 2016-2026				X	
Regional plan for vindkraft (S&F)				X	
Regional plan for småkraftverk (S&F og H)				X	

Vurdering av andre planar

Temaplan for opplæringssektoren i Vestland (mål og strategiplan)

Fylkesrådmannen ser at det er nødvendig med eit nytt mål og strategidokument for opplæringssektoren. Dei eksisterande regionale planane gir retning mot visjonen, men er ikkje eit godt nok styringsverktøy for sektoren. Opplæringssektoren skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar slik at elevar og lærlingar meistarar liva sine og kan delta i arbeid og fellesskap i samfunnet (Opplæringslova §1.1). Vidaregåande opplæring bidreg til læring som skapar morgondagen sine medborgarar. Forsking og erfaring viser og at å rette innsatsen mot få langsiktige mål, klåre strategiar og kontinuerleg oppfølging, er det beste utgangspunktet for å lukkast med utvikling. Arbeidet med temaplanen for vidaregåande opplæring i Vestland startar våren 2020 i tråd med vedtak frå fylkestinget i desember.

Temaplan - Strukturplan for tannklinikkar

Det vert tilrådd at dei eksisterande klinikkstrukturplanane vert fasa ut og erstatta med ein ny temaplan for Vestland tannhelseteneste. Den nye temaplanen skal også innehalde ei skildring av klinikkstruktur i Vestland fylke. Bakgrunnen for tilrådinga er at noverande klinikkstrukturplanar ikkje bygger opp under dei overordna måla for Vestland fylkeskommune. I tillegg manglar planane tydelege og målbare mål. Det er behov for å samkøyre dei to eksisterande planane, der kunnskapen/bakgrunnen for planane vert oppdatert som grunnlag for tannhelsetenesta si deltaking i utviklinga av Vestlandssamfunnet.

Temaplan for anleggspolitikk og kriterium for tildeling av spelemidlar 2002-2024

Planen er vedteke av fellesnemnda i juni 2019, og vert vidareført og omgjort om til temaplan.

Temaplanar	Ny	Revisjon	Vidareføring	Fase ut	Merknad
Mål og strategiplan for opplæringssektoren i Vestland	X				
Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar 2002-2024			X		
Skulebruksplanar			X		
Klinikkstrukturplan		X			
Forskningsstrategi for Hordaland				X	Innarbeidast i næringsplan
Strategi for grøn omstilling i Hordaland				X	Innarbeidast i næringsplan
Hydrogenstrategi				X	Innarbeidast i næringsplan
Kollektivstrategi				X	Innarbeidast som ein del av RTP
Strategi for innfartsparkering				X	Innarbeidast som ein del av RTP

Konklusjon

Fylkesrådmannen meiner strategiane som er føreslått som oppfølging av dei fire overordna måla gir gode føringar for vidare arbeid i fylket. Gjennom at alle regionale planar skal ha fokus på korleis dei kan bidra til å nå dei overordna måla, kan Utviklingsplanen bidra til at planane har eit breiare

fokus på tvers av sektorar. Dette er vesentleg for at planlegging og tiltak i sum skal bidra til å oppnå FN sine berekraftsmål.

Fylkesrådmannen meiner det er mange gode regionale planar i begge dei gamle fylka og at mykje av det regionale planarbeidet i komande periode bør vere knytt til å revidere og utarbeide samla planar for område der vi har planar i begge fylka. Dette inneber at geografisk avgrensa planar i denne omgang vert tilrådd vidareført då fylkessamanslåinga ikkje påverkar føresetnadene til desse i nemneverdig grad. Dette betyr at det i komande periode er tilrådd å revidere følgjande planar:

- ✓ Regional plan for kompetanse
- ✓ Regional plan for innovasjon og næringsutvikling
- ✓ Regional plan for kultur
- ✓ Regional plan for senterstruktur
- ✓ Regional transportplan
- ✓ Regional klimaplan

Oversikt over gjeldende planar i Hordaland og Sogn- og Fjordane

Plan	Område	Vedteke n	Periode	Merknad
Regional areal- og transportplan for Bergensområdet	Hordaland	2017	2017-2028	
Regional areal- og transportplan for Haugalandet	Hordaland/Rogaland	2017	?	
Regional plan for folkehelse - fleire gode levekår for alle	Hordaland	2014	2015-2025	
Regional plan for folkehelse	S&F	2015	2015-2025	
Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv	S&F	2016	2016-2019	
Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026	Hordaland	2015	2015-2026	
Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur	S&F	2018	2018-2022	Ligg til stadfesting i KMD.
Klimaplan for Hordaland	Hordaland	2014	2014-2030	
Regional plan for klimaomstilling	S&F	2018	2018-2021	
Regional plan for vindkraft	S&F	2011	?	
Regional plan for kultur - kultur for alle	S&F	2019	2019-2027	
Regional kulturplan for Hordaland	Hordaland	2015	2015-2025	
Regional strategisk plan for kysten	S&F	2018	2018-2029	
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger	Hordaland	2017	?	Ligg til stadfesting i KMD.
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	Hordaland	2017	?	
Regional plan for verdiskaping	S&F	2014	2014-2025	
Regional transportplan for Sogn og Fjordane	S&F	2018	2018-2027	
Regional transportplan for Hordaland	Hordaland	2017	2018-2029	
Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland	Hordaland	2009	2009-2021	
Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging	S&F	2012	?	
Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion	S&F	2016	2016-2021	Revisjon i ny felles plan Vestland.
Regional plan for vassregion Hordaland	Hordaland	2016	2016-2021	Revisjon i ny felles plan Vestland.
Regional plan for Nordfjella	S&F, Hordaland		2014-2025	Felles med Viken

Regional plan for Hardangervidda	Hordaland		2011-2025	Felles med Viken og Telemark-Vestfold
Regional plan for Setesdal, Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen)	Hordaland			Felles med Agder, Telemark-Vestfold og Rogaland.
Regional plan for Ottadalsområdet	S&F		2016-2026	Felles med Innlandet og Møre-og Romsdal

Saknr: 2020/36671-2
Saksbehandlar: Eva Margaretha Ørmen
Vinjevoll

Saksgang

Utv	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet	15/20	11.03.2020
Planutvalet	3/20	26.03.2020

Oppstart av arbeid med Regional Transportplan 2022 - 2033

Forslag til innstilling

1. Planutvalet sluttar seg til framdriftsplanen til planprogrammet for Regional Transportplan som tek sikte på endeleg vedtak i fylkesutvalet september 2020.
2. Planutvalet legg til grunn at måla vedtatt for Regional planstrategi 2020 - 2024 ligg til grunn i arbeidet med Regional transportplan 2022 - 2033.
3. Regional transportplan skal vere det øvste strategiske dokumentet for samferdsle i Vestland fylke, og skal sette retning for alle tema innan mobilitet og infrastruktur i Vestland fylke.
4. Regional transportplan skal vere ein plan for heile samferdsleområde i Vestland, det vil sei at den også skal omtale område utfor Vestland fylkeskommune sine ansvarsområde.
5. Det skal utnemnast ein saksordførar av fylkestinget som skal følgje arbeidet med utarbeiding av Regional Transportplan 2022 - 2033.

Saksprotokoll i 11.03.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til valnemnda.

Innstilling til planutvalet

1. Planutvalet sluttar seg til framdriftsplanen til planprogrammet for Regional Transportplan som tek sikte på endeleg vedtak i fylkesutvalet september 2020.
2. Planutvalet legg til grunn at måla vedtatt for Regional planstrategi 2020 - 2024 ligg til grunn i arbeidet med Regional transportplan 2022 - 2033.
3. Regional transportplan skal vere det øvste strategiske dokumentet for samferdsle i Vestland fylke, og skal sette retning for alle tema innan mobilitet og infrastruktur i Vestland fylke.
4. Regional transportplan skal vere ein plan for heile samferdsleområde i Vestland, det vil sei at den også skal omtale område utfor Vestland fylkeskommune sine ansvarsområde.
5. Det skal utnemnast ein saksordførar av fylkestinget som skal følgje arbeidet med utarbeiding av Regional Transportplan 2022 - 2033.

Samandrag

Fylkesadministrasjonen varslar med dette at arbeidet med Planprogrammet til Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033 er starta opp.

Fylkesutvalet gjorde vedtak i sak 22/2019 om at arbeidet med Regional transportplan kan gå parallelt med arbeidet med regional planstrategi. Regional transportplan er eit viktig verktøy for å avklare strategisk retning for samferdsle i Vestland fylkeskommune, og det er stort behov for å avklare korleis vi skal løyse oppgåvene i det nye fylket.

Målet er at fylkesutvalet sender planprogrammet på høyring våren 2020. Fylkesutvalet tek sikte på å vedta planprogrammet tidleg hausten 2020.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
Fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune vedtok oppstart av prosessen med regional planstrategi 2020-2024 i sitt møte 3. desember 2019. I det vedtaket vart også oppstart av arbeidet med regional transportplan vedtatt. Utvalet fatta følgjande vedtak:

«5. Fylkesutvalet fastset at formell oppstart av regionalt planarbeid i Vestland, utanom regional transportplan, skal avvende vedtak av ny planstrategi. Felles handlingsprogram for planar som har same tema kan likevel utformast straks.

6. Arbeidet med ein felles regional transportplan startar opp parallelt med planstrategien. Det vert lagt til grunn at planstrategien vert vedteken før ny regional transportplan slik at føringar i planstrategien vert lagt til grunn for planen.»

Vedtakskompetanse

I følgje Reglement for folkevalde organ og delegering skal planutvalet gje retningsgjevande og strategiske føringar til pågåande planprosessar.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Regional transportplan skal fastsette overordna mål for transportsektoren som også må leggast til grunn for framtidige budsjett og økonomiplanar.

Klima: Planprogrammet til Regional transportplan skal legge føringar for korleis regional transportplan skal bidra til å nå måla for klimapolitikken til Vestland fylkeskommune.

Folkehelse: Planprogrammet til Regional transportplan skal legge føringar for korleis regional transportplan skal bidra til å nå Vestland fylkeskommune sine mål for folkehelse.

Regional planstrategi: Regional planstrategi er med å legge føringar for arbeidet med planprogrammet til regional transportplan.

Arbeidet med regional planstrategi blir tett følgt av styringsgruppa og arbeidsgruppa.

Konklusjon

Fylkesadministrasjonen varslar med dette at arbeidet med Planprogrammet til Regional transportplan for Vestland 2022 – 2033 er starta opp.

Fylkesutvalet gjorde vedtak i sak 22/2019 om at arbeidet med Regional transportplan kan gå parallelt med arbeidet med regional planstrategi. Regional transportplan er eit viktig verktøy for å avklare strategisk retning for samferdsle i Vestland fylkeskommune, og det er stort behov for å avklare korleis vi skal løyse

oppgåvene i det nye fylket. Derfor er det viktig med tidleg oppstart av planarbeidet. I tillegg er det ønskeleg at Regional transportplan følgjer same periode som Nasjonal transportplan.

Framdriftsplanen legg opp til at fylkesutvalet sender planprogrammet på høyring før sommaren 2020, slik at det kan leggjast fram for vedtak i fylkesutvalet tidleg hausten 2020. Regional transportplan 2022 – 2033 tek sikte på vedtak på fylkestinget desember 2021.

Direktør for mobilitet og kollektivtransport er prosjekteigar, og avdeling for infrastruktur og veg, samt avdeling for strategisk utvikling og digitalisering er med i både styringsgruppa og arbeidsgruppa.

Planprogrammet skal presentere formålet med planlegginga og avgrense planarbeidet tematisk. Planprogrammet skal også avklåra korleis planarbeidet skal organiserast og kva prosessar planen skal følgje fram til endeleg vedtak. Planprogrammet skal dessutan gjere greie for eit opplegg som sikrar medverknad i planprosessen. Planprogrammet skal høyrast og vedtakast politisk.

Planprogrammet vil bygge på eksisterande planprogram frå dei tidlegare fylka, visjonen og verdiane til Vestland fylkeskommune, samt føringane som blir sett i regional planstrategi.

Møteprotokoll

Utval:	Planutvalet
Møtestad:	Videomøte, fjernmøte
Dato:	26.03.2020
Tid:	11:25-13:50

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjo n	Reprenter er
Jon Askeland	Leiar	Sp
Aleksander Øren Heen	Medlem	Sp
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Arve Helle	Medlem	A
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Medlem	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Natalia Antonia Golis	Nestleiar	MDG
Marthe Hammer	Medlem	SV
Trude Brosvik	Medlem	KrF
Gunhild Alis Berge Stang	Medlem	V
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Noralv Distad	Medlem	H
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB
Morten Klementsens	Medlem	FNB
Terje Søviknes	Medlem	FrP
Sigbjørn Framnes	Medlem	FrP
Konsultativt medlem leiar for KULII Stian J. O. Davies	Medlem	A
Konsultativt medlem leiar for NÆRNA Tor André Ljosland	Medlem	KrF
Konsultativt medlem leiar for OPPKO Karianne Torvanger	Medlem	A
Konsultativt medlem leiar for SAMMO Jannicke Bergesen Clarke	Medlem	A

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør for organisasjon og økonomi
Paal Fosdal	Fylkesdirektør for strategi og digitalisering
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Fylkesdirektør for infrastruktur og veg
Bård Sandal	Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling
Per Morten Ekerhovd	Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering
Bertil Søfteland	Seksjonsleiar for politisk sekretariat
Ingeborg Strandberg	Rådgjevar, politisk sekretariat /møtesekretær

Sakliste

Utvalls-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 2/20	Godkjenning av møteinkalling og sakliste		
GK 3/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i planutvalet den 30.01.2020	2019/130	
	Skriftlige spørsmål		
SI 1/20	Spørsmål frå Brosvik (KrF) - planstrategi statistikkinnsamling	2020/44856	
	Politiske saker		
PS 2/20	Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - strategiar og planbehov	2020/1420	
PS 3/20	Oppstart av arbeid med Regional Transportplan 2022 - 2033	2020/36671	

Godkjenningssaker

GK 2/20 Godkjenning av møteinkalling og sakliste

Saksprotokoll i 26.03.2020 - planutvalet

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.

GK 3/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i planutvalet den 30.01.2020

Saksprotokoll i 26.03.2020 - planutvalet

Møteprotokoll frå møtet i planutvalet den 30.01.2020 vart godkjent utan merknadar.

Skriftlige spørsmål

SI 1/20 Spørsmål frå Brosvik (KrF) - planstrategi statistikkinnsamling

Saksprotokoll i 26.03.2020 - planutvalet

Fylkesordførar gav slikt svar:

"Dette spørsmålet er viktig for tolking av mykje av statistikken på fylkesnivå, då Bergen utgjer ein så dominerande del av fylkesstatistikken. Det er i tillegg utfordrande å få alle nyansane inn i trykte dokument som dei tre representanten Brosvik viser til.

Fylkeskommunen ved seksjon for statistikk, kart og analyse, i avdeling for strategisk utvikling og digitalisering, er difor i ferd med å digitalisere kunnskapsgrunnlag for planstrategien, slik at statistikken både blir løpande oppdatert og tilgjengeleg på kommunenivå – i den grad dette er tilgjengeleg. Ein vil då kunne sjå statistikken på fylkesnivå i lys av utviklinga i større kommunar, som Bergen. Det vil òg vere mogleg å sjå område og regionar i fylket.

Det meste av statistikken er bygd på offentleg tilgjengelege data, i stor grad frå Statistisk sentralbyrå og Folkehelseinstituttet. For at fylkeskommunen skal kunne publisere data på kommune- og regionnivå, er vi normalt avhengige av at kjeldene også publiserer på kommunenivå.

Data som berre blir offentleg tilgjengeleg på fylkesnivå, vil i framtida gjelde heile det nye fylket, og det vil ikkje vere mogleg å utan kostnad hente ut ny statistikk om dei to gamle fylka, eller statistikk for Vestland utanom Bergen. Det vil i dei fleste tilfella kunne la seg gjere å spesialbestille datauttrekk for fylket utan Bergen, men då til ein ekstrakostnad på normalt mellom 3500 og 12000 per uttrekk, pluss eigenkostnad for fylkeskommunen. Dette er likevel ein marginal problemstilling, då det meste av statistikken blir publisert på kommunenivå.

Ei viktig kjelde til informasjon om verdiskaping, sysselsetting, næring, og ringverknader av verksemdsetableringar og -nedleggingar, ligg i data frå fylkesfordelt nasjonalrekneskap, som til no berre har blitt publisert på fylkesnivå. Statistisk sentralbyrå er sjølvne merksame på at dette nivået blir for grovt med dei nye fylka, og fylkesrådmannen har vore i dialog med byrået om etablering av «nasjonalrekneskapsregionar» der Vestland blir delt i fire regionar.

Eit kriterium frå SSB har vore at kvar region skal innehalde minimum 100.000 innbyggjarar. Her er Bergen lagt inn som eigen region. Med unntak av Bergen, blir desse store regionane brotne ned til mindre «statistiske regionar» med i snitt 40.000 innbyggjarar kvar.

For augneblinken ligg data på dette nivået tilgjengeleg for fleire av tabellane i fylkeskommunen sin statistikkbank <https://statistikk.igest.no>. Ein vil der kunne sjå folketalsutvikling, og etter kvart bustad- og næringsutvikling også i denne regioninndelinga. Vi vil justere på denne inndelinga i samråd med SSB. Av forskingsmiljø, kan vi nemne at Telemarksforskning har vore i kontakt med fylkeskommunen om denne nye inndelinga, og vil truleg bruke inndelinga også i oppdrag for andre enn fylkeskommunen.

Fylkeskommunen samarbeider med fylkesmannen om kartløysinga www.fylkesatlas.no, og fylkesmannen og kommunane er naturlege dialogpartnarar når det gjeld formidling og handtering av kart og statistikk. I den grad det blir bestilt data frå forskingsinstitutt og andre, vil vi så langt det let seg gjere bestille data som skil mellom regionane, med Bergen som eigen region.

I tillegg har fylkesrådmennene saman med KS etablert eit fagnettverk for statistikk og analyse, som i 2020 vart innlemma i ei eiga foreining eigd av fylkeskommunane saman med Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Innovasjon Norge (Panda analyse). Det er meininga at større/felles problemstillingar og utviklingsoppgåver knytt til handtering av statistikk blir handtert i dette miljøet.

Hordaland og Sogn og Fjordane hadde i 2019 eit prosjekt rundt handtering av statistikk i samarbeid med Helse Førde, men konklusjonen herfrå vart at det var behov for å avvente utvikling av meir omfattande felles løysingar på tvers av fylka før vi kan gå vidare i dette samarbeidet.

Seksjon for statistikk, kart og analyse jobbar som nemnt også med andre digitale løysingar for visualisering av kunnskapsgrunnlaget i planstrategien og folkehelseoversikta. Første planlagde publisering av denne løysinga er så snart vi har fått på plass data frå Folkehelseinstituttet sitt fylkesbarometer. Barometeret blir etter planen publisert 24. mars. Fylkeskommunen håpar på å ha si løysing publisert innan ei veke etter dette."

Politiske saker

PS 2/20 Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - strategiar og planbehov

Forslag til vedtak

1. Planutvalet sluttar seg til at følgjande strategiar inngår som ein del av Utviklingsplan for Vestland:

- 1.1. Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling
- 1.2. Vestland skal forvalte og sikre viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.
- 1.3. Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

- 2.1. Vestland skal utvikle menneskevennlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.
- 2.2. Vestland skal utvikle Bergen og attraktive regionale senter som grunnlag for vekst i heile fylket
- 2.3. Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

- 3.1. Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur og frivilligheita
- 3.2. Vestland skal utvikle eit meir aldersvennleg samfunn som grunnlag for verdiskaping
- 3.3. Vestland skal sikre deltaking gjennom utdanning og livslang læring
- 4.1. Vestland skal skape nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.
- 4.2. Vestland skal utvikle eit framtidretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.
- 4.3. Vestland skal styrke det regionale folkestyret

2. Planutvalet sluttar seg til planbehovet slik det er skildra i saka.

Saksprotokoll i 26.03.2020 - planutvalet

Trude Brosvik (KrF) sette på vegner av Sp, MDG, A, SV, V og KrF fram slikt forslag:

“Alternativ:

1. Planutvalet sluttar seg til at følgjande strategiar inngår som ein del av Utviklingsplan for Vestland:

Mål 4 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg vert flytta fram som mål 1 og får desse strategiane:

1. Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane, både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av korona.
2. Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.
3. Vestland skal utvikle eit framtidretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.
4. Vestland fylke skal aktivt søke dei mogelegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.

Mål 1 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling vert nytt mål 2 og får desse strategiane:

1. Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp.
2. Vestland skal forvalte og sikre viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.
3. Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

Mål 2 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland blir mål 3 og får desse strategiane:

1. Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.
2. Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.
3. Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

Mål 3 Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping vert nytt mål 4, og får desse strategiane:

- 4.1 Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.
- 4.2 Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvennleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.
- 4.3 Vestland skal sikre deltaking gjennom utdanning og livslang læring.

2. Planutvalet ber fylkesrådmannen kome tilbake med ei nærare vurdering av planbehov.”

Noralv Distad (H) sette fram slikt forslag:

“Alternativ:

1.2 Vestland skal forvalte og sikre infrastruktur og viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.

2.1 Vestland skal utvikle vekstkraftige, menneskevennlige og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar og gode rammevilkår for næringsutvikling.

3.3 Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

4.1 Vestland skal skape nye arbeidsplassar gjennom omstilling, berekraftig konkurransekraft og entreprenørskap.”

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

“Vestland skal bruke posisjonen som Norges leiande olje- og gassregion til også å skape nye arbeidsplassar gjennom omstilling, bærekraftig konkurransekraft og entreprenørskap.”

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke mot fylkesrådmannen si innstilling som fekk ingen røyster og fall.

Andersen sitt forslag fekk 7 røyster (FNB, Frp, H) og fall.

Distad sitt forslag punkt 1.2 vart samrøystes vedteke.

Distad sitt forslag punkt 2.1 fekk 7 røyster (FNB, Frp, H) og fall.

Distad sitt forslag punkt 3.3 vart samrøystes vedteke.

Distad sitt forslag punkt 4.1 fekk 7 røyster (FNB, Frp, H) og fall.

Vedtak

1. Planutvalet sluttar seg til at følgjande strategiar inngår som ein del av Utviklingsplan for Vestland:

Mål 4 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg vert flytta fram som mål 1 og får desse strategiane:

1. Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane, både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av korona.
2. Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.
3. Vestland skal utvikle eit framtidretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.
4. Vestland fylke skal aktivt søke dei moglegheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.

Mål 1 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling vert nytt mål 2 og får desse strategiane:

1. Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp.
2. Vestland skal forvalte og sikre infrastruktur og viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.
3. Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

Mål 2 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland blir mål 3 og får desse strategiane:

1. Vestland skal utvikle menneskevennlige og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.
2. Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.
3. Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

Mål 3 Like moglegheiter til å delta i verdiskaping vert nytt mål 4, og får desse strategiane:

1. Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.
2. Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.
3. Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

2. Planutvalet ber fylkesrådmannen kome tilbake med ei nærare vurdering av planbehov.

PS 3/20 Oppstart av arbeid med Regional Transportplan 2022 - 2033

Forslag til innstilling

1. Planutvalet sluttar seg til framdriftsplanen til planprogrammet for Regional Transportplan som tek sikte på endeleg vedtak i fylkesutvalet september 2020.
2. Planutvalet legg til grunn at måla vedtatt for Regional planstrategi 2020 - 2024 ligg til grunn i arbeidet med Regional transportplan 2022 - 2033.
3. Regional transportplan skal vere det øvste strategiske dokumentet for samferdsle i Vestland fylke, og skal sette retning for alle tema innan mobilitet og infrastruktur i Vestland fylke.
4. Regional transportplan skal vere ein plan for heile samferdsleområde i Vestland, det vil sei at den også skal omtale område utfor Vestland fylkeskommune sine ansvarsområde.
5. Det skal utnemnast ein saksordførar av fylkestinget som skal følgje arbeidet med utarbeiding av Regional Transportplan 2022 - 2033.

Saksprotokoll i 11.03.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til valnemnda.

Innstilling til planutvalet

1. Planutvalet sluttar seg til framdriftsplanen til planprogrammet for Regional Transportplan som tek sikte på endeleg vedtak i fylkesutvalet september 2020.
2. Planutvalet legg til grunn at måla vedtatt for Regional planstrategi 2020 - 2024 ligg til grunn i arbeidet med Regional transportplan 2022 - 2033.
3. Regional transportplan skal vere det øvste strategiske dokumentet for samferdsle i Vestland fylke, og skal sette retning for alle tema innan mobilitet og infrastruktur i Vestland fylke.
4. Regional transportplan skal vere ein plan for heile samferdsleområde i Vestland, det vil sei at den også skal omtale område utfor Vestland fylkeskommune sine ansvarsområde.
5. Det skal utnemnast ein saksordførar av fylkestinget som skal følgje arbeidet med utarbeiding av Regional Transportplan 2022 - 2033.

Saksprotokoll i 26.03.2020 - planutvalet

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Planutvalet sluttar seg til framdriftsplanen til planprogrammet for Regional Transportplan som tek sikte på endeleg vedtak i fylkesutvalet september 2020.
2. Planutvalet legg til grunn at måla vedtatt for Regional planstrategi 2020 - 2024 ligg til grunn i arbeidet med Regional transportplan 2022 - 2033.
3. Regional transportplan skal vere det øvste strategiske dokumentet for samferdsle i Vestland fylke, og skal sette retning for alle tema innan mobilitet og infrastruktur i Vestland fylke.
4. Regional transportplan skal vere ein plan for heile samferdsleområde i Vestland, det vil sei at den også skal omtale område utfor Vestland fylkeskommune sine ansvarsområde.
5. Det skal utnemnast ein saksordførar av fylkestinget som skal følgje arbeidet med utarbeiding av Regional Transportplan 2022 - 2033.

